



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
104/21	Teknisk utval	02.09.2021

Oppstart planarbeid - Detaljregulering for Botnen naustområde

Samandrag:

Det er søkt om å starte opp detaljregulering av naustområde i Botnen. Formålet med planen er å legge til rette for naustmiljø med tilkomstveg, parkering og småbåthamn. Planinitiativet er i tråd med kommuneplanens arealdel. Administrasjonen tilrår oppstart.

Teknisk utval 02.09.2021:

Behandling:

Arne Runar Vik viste kart over området.

Røysting:

Kommunalsjef teknisk si tilråding vart samrøystes vedteke.

TEK- 104/21 Vedtak:

Teknisk utval støttar at det vert starta opp detaljregulering for Botnen naustområde, planID 20210004 som vist på vedlagt planavgrensing datert 18.08.2021, i samsvar med plan- og bygningslova §12-8.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval støttar at det vert starta opp detaljregulering for Botnen naustområde, planID 20210004 som vist på vedlagt planavgrensing datert 18.08.2021, i samsvar med plan- og bygningslova §12-8.

Vedlegg:

Referat frå oppstartsmøtet - Detaljregulering for Botnen naustområde

Planinitiativ - Botnen naustområde

Planavgrensing - Botnen naustområde

Botnen naustområde - sjekklister ROS


Saksopplysningar:

1. Planinitiativet

Bakgrunn for planinitiativet er ønske om å detaljregulere for eit naustmiljø og ei småbåthamn med tilkomstveg og parkering.


2. Planområdet

Planområdet er lokalisert i Botnen innanfor eigedomane gnr/bnr 22/7, 22/6 og 22/44.



3. Overordna plan

Planinitiativet er i tråd med kommuneplanens arealdel. Del av planområdet er omfatta av formålsfeltet Fn7, som er areal sett av til etablering av naust, og S3, som er småbåthamn. Eigedomane er også omfatta av omsynssonene for ras og skred og ligg under marin grense.



Plangrense er stipla med svart strek.

Vurdering og konklusjon:

Planinitiativet er i tråd med og bygger vidare på intensjonane i kommuneplanens arealdel. Det er få tilbod av naust og småbåthamner tilgjengeleg i området. Eit allment tilgjengeleg tiltak i strandsona vil opne for at fleire kan nyte godt av båtturar, fiske og nærturar i kort avstand til bustaden sin. Ei realisering av eit naustmiljø med tilhøyrande anlegg vil gje positive ringverknader for bustadområdet på Garsholhaugen.

Premissar for vidare planarbeid:

- det må gjerast greie for funn i ROS-analysen (marin grense, ras-og skredfare, stormflo og klimapåverknad) og innarbeide eventuelle naudsynte tiltak.
- sikre allmenn tilgjenge til strandsona
- sikre at nausta visuelt framstår som eit naustmiljø med variasjon godt innpassa i kulturlandskapet og landskapsromet.

Administrasjonen tilrår oppstart etter pbl §12-8 av detaljregulering etter pbl §12-3 for Botnen naustområde.

Likestillingsmessige sider ved saka: positive. Auka tilgjenge til sjø for alle grupper.
Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende
Miljøkonsekvensar: ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: ingen kjende
Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

